



Møre og Romsdal fylke



■ saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
03.12.04	19421/04	Toril Eliassen Rusten

Saksgang:	Møtedato:
Fylkesutvalet	30.11.04
Fylkestinget	13.-15.12.04

Sak T-76/04 (U-141/04 A)

NOU 2004:19 "LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG LOKALSAMFUNN" (DISTRIKTSKOMMISJONEN) - HØYRING

Avtrykk av tilrådinga overfor fylkesutvalet i ovannemnde sak er tidlegare utsendt til fylkestinget sine medlemmer mv.

Fylkesutvalet behandla saka i møte 30. november 2004, og følgjande vart tilført møteboka:

"Olav Bratland fremma på vegner av Høyre følgjande framlegg:

"Punkt 1, 2 og 3 som tilrådinga.

4. Møre og Romsdal fylke vil framheve verdien av lokal identitet som viktig grunnlag for sterke og levande demokrati. Lokal identitet og nødvendig legitimitet vil vere argument som talar mot store, folkevalde regionar på landsdelsnivå.
5. Møre og Romsdal fylke legg til grunn ein framtidig styringsstruktur basert på to folkevalde nivå, eit statleg og eit kommunalt. Ein slik styringsstruktur vil krevje endringar i kommunestrukturen, td til regionkommunar. Dette kan skje gjennom kommunesamanslåingar eller gjennom styrka og meir forpliktande samarbeid der det er naturleg.
6. Møre og Romsdal fylke ser ei hovudutfordring i ei betre samordning av den statlege politikken.
7. Møre og Romsdal fylkesting støttar Distriktskommisjonen sitt forslag om at fylkesmannen sine oppgåver bør reindyrkast til kontroll og tilsyn. Den statlege organiseringa må tilpassast i høve desse oppgåvene."

Oskar Grimstad fremma på vegner av Fremskrittspartiet følgjande framlegg:

"1. Som punkt 2 i tilrådingen.

2. Møre og Romsdal fylke viser til at den off. forvaltningen har ein kapasitet fire ganger Norges befolkning og at behovet for å tilpasse ressursbruken er overhengende.

Skal vi bygge vidare på det velferdssamfunnet som innbyggjarane forventar krev det optimal ressursbruk.

- Fylkeskommunen avvikles og erstattes av 2 folkevalgte nivå.
- Antall direktorat og tilsyn reduseres og virksomhetene samordnes på regionalt nivå.
- Stimulere til utvikling av større kommuner som omfatter felles bo- og serviceområder.
- Disse primærkommunene overtar en stor del av oppgavene til dagens fylkeskommuner."

Gunn Berit Gjerde fremma på vegner av Venstre og Senterpartiet følgjande framlegg:

"Nytt punkt 8.

- Møre og Romsdal fylkesting legg til grunn at fisk skal forvaltast som ein nasjonal ressurs og går imot framlegget om regionalisering av kvotar.
- Deltakarlova må framleis sikre prinsippet om ein fiskareigd flåte. Omsetning av fisk skal framleis vere regulert av Råfisklova."

Svein Atle Roseth fremma på vegner av KrF følgjande framlegg:

"Tillegg til punkt 2:

Møre og Romsdal fylke vil i tillegg vektleggje at verdiskapinga i distrikta vert vektlagt i ressurstildelinga for næringsutvikling og infrastruktur.

Endring i punkt 4:

... lokal identitet **og verdiskaping** som grunnlag for ..."

Asbjørn Rutgeron fremma på vegner av SI/Tvp følgjande framlegg:

"A. Fylkestinget viser til saksframlegget som ligg føre og sluttar seg i hovudsak til dette og til punkta 2, 3, 4, samt 6 og 7. Når det gjeld punkt 5 vil fylkestinget uttale følgjande som si prinsipale tilråding:

5A Den framtidige styringsstruktur må baseres på en 2-nivåmodell hvor oppgavefordelinga legges til rette slik at oppgavene i størst mulig grad overføres til kommunene direkte eller til kommuner i et omforent interkommunalt samarbeid.

5B Dersom styringsorgana skulle velje ein annan styringsmodell (3 nivå) må Møre og Romsdal fylke få vidareført sin "Einskapsfylke"-modell som den no ligg føre eller i ein regional modell saman med Sogn og Fjordane fylke. Ein vil frarå større regionale einingar."

Votering:

Grimstad sitt framlegg vart vraka med 10 mot 3 røyster.

Bratland sitt framlegg vart vraka med 11 mot 2 røyster.

Rutgeron sitt framlegg vart vraka med 12 mot 1 røyst.

Tilrådinga med Roseth sitt tilleggsframlegg vart vedteke med 7 mot 6 røyster.

Første strekpunkt i Gjerde sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Andre strekpunkt i Gjerde sitt framlegg vart vraka med 9 mot 4 røyster."



Møre og Romsdal fylke



■ saksframlegg

Dato: 25.11.2004 Referanse: 18899/04 Vår saksbehandlar: Geir J. Göncz

Saksgang: Fylkesutvalet
Fylkestinget

Møtedato: 30.11.04
13.-15.12.04

KORRIGERT SAK

Sak U-141/04 A NOU 2004:19 "Livskraftige distrikter og lokalsamfunn" (Distriktskommisjonen) - høyring.

Distriktskommisjonen (DK) vart oppnemnt ved Kongelig resolusjon av 7. februar 2003 og arbeidet er gjengjeve i NOU 2004: "Livskraftige distrikter og regioner – rammer for en helhetlig og geografisk tilpasset politikk".

DK har gått igjennom heilskapen i distrikts- og regionalpolitikken, det vil seie av både den "breie" og den "smale" statlege politikken, som har innverknad på busetnad og regional utvikling. Kommisjonen har bygd på arbeidet til Effektutvalet (NOU 2004:2 *Effekter og effektivitet – effekter av statlig innsats for regional utvikling og distriktpolitiske mål*).

Kommunal og regionaldepartementet (KRD) har fastsett to høyringsfristar for Distriktskommisjonen, 14. januar 2005 for spørsmål som skal opp i regionalmeldinga til våren, og 14. oktober 2005 for spørsmål som gjeld fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling og maktfordeling/regionalisering. Fylkesdirektøren ønskjer å vurdere heilskapen i innstillinga frå DK og finn eit slikt skilje ikkje naturleg. Ein legg difor opp til å gje ein samla uttale om alle sider av DK si innstilling innan KRD sin første frist 14. jan 2005.

1. Kommisjonens hovudgrep og tilrådingar

Distriktskommisjonen sitt hovudmål for regionalpolitikken er å skape vekst og utvikling i alle delar av landet for å auke den nasjonale verdiskapinga. Vekstkrafta må mobiliserast nedanfrå. For å støtte opp under den potensielle vekstkrafta i alle delar av landet må det byggast sterke og sjølvstendige lokalsamfunn og regionar. Regionalpolitikken må være tilpasset den enkelte region sine føresetnader og behov. Politikken må utformast nedanfrå og ha ein demokratisk forankring, der viktige vedtak vert treft av folkevalte organ.

Kommisjonen har lagt fram ei konsistent innstilling, med stor grad av politisk semje om hovudutfordringar, målsettingar, strategiar og verkemidlar, sjølv om ein på enkelte punkter har noko ulike tilnærmingar og løysningsforslag.

Møre og Romsdal fylke støttar DK sin hovudstrategi med å desentralisere makt til folkevalde organ. Dette vil medverke til å utløyse meir av det samla verdiskapingspotensiale og sette lokalsamfunn og regionar i stand til å ta større ansvar for eigen utvikling.

2. Val av modell for regional styring og samordning

For å støtte opp under den potensielle vekstkrafta i alle deler av landet, ønskjer DK at det må byggast sterke og sjølvstendige lokalsamfunn og regionar. DK sitt fleirtalsforslag er ein trenivåmodell med sterke, folkevalte regionar med klår overføring av makt og oppgåver frå staten til det regionale folkevalte nivået. Fleirtalet legg m. a. vekt på at det regionale folkevalte nivået vil være meir prioriterings- og kostnadseffektivt enn alternative former for territoriell samordning.

Lokal forankring vil auke interessa for politikk og styrkje demokratiet. Når folk ser at den lokale fridomen for politikk er sterkt hemma av statlege reglar og tronge rammer, mister dei interessa for politikk. Møre og Romsdal fylke er svært uroa over resultata frå maktutgreiinga om at folkestyret er i tilbakegang. Maktutgreiinga syner at ei sterkare statleggjing og regelstyring i ein fragmentert stat er ein trussel for demokratiet.

Gode lokale og regionale løysingar krev heilskapsgrep og samspel med den regionale partnerskapen. Eit sterkt regionalt folkestyre tilfører regionen ein regional, heilskapleg politikk, skapt i regionen, for regionen, som medverkar til effektive løysingar når det gjeld nærings- og velferdsutviklinga. Statlege, regionaliserte organ kan drive effektiv forvaltning innan ein avgrensa sektor, på sektorens eigne premisser. Men når det gjeld samordning og kopling mellom sektorar for å oppnå dei beste heilskaplege løysingane og ei god samla ressursutnytting, er dette oppgåver for politiske organ, jf ”nærhetsprinsippet”.

For at det framtidige regionale forvaltningsnivået skal kunne lykkast i denne rollen, må organet ha nødvendig mynde innanfor politikkområde som er særleg viktig for den regionale utviklinga i ulike delar av landet, og den må ha økonomiske ressursar av ein slik storleik at kommunane, næringslivet og den regionale stat blir motiverte for aktivt og forpliktande samarbeid. Politisk styrke og fagleg kompetanse er ikkje tilstrekkeleg for å lykkast !

Møre og Romsdal fylke vil kunne utvikle seg til ei slagkraftig eining som regional utviklingsaktør med ansvar også for forvaltings- og driftsoppgåver. Forsøket med einskapsfylke gir høve til å sjå beslektta statlege og fylkeskommunale oppgåver i samanheng, og ikkje minst å kunne vurdere regionalt statlege og fylkeskommunale oppgåve og satsingar i eit meir heilskapleg perspektiv enn tidlegare. Den administrative reforma må følgjast opp med å tilføre den politiske styringslina meir makt (dvs at fylkestinget får eit breiare ansvar for regional- og distriktspolitikken), slik at dei virkemidlane som blir sett inn får størst mogleg effekt. Dette vil og vere gunstig i eit rommeleg perspektiv ved at offentlege avgjerder og implementering reflekterer dei geografiske ulikskapane landet vårt trass alt har.

3. Styringsmodell - ansvar og finansiering

Fleirtalet i DK understrekar at regionen bør ha eit sjølvstendig økonomisk grunnlag basert på rammeoverføringar og direkte skattegrunnlag, på linje med finansieringa av dagens fylkeskommunar. På områder der det overføres eit totalansvar eller bestillaransvar frå staten til det regionale nivået, bør pengane følgje med. Også på dei område der det er snakk om eit samordningsansvar, bør det regionale nivået ha tilstrekkelige økonomiske ressursar til å stimulere ønska løysingar.

Regionane bør ha eit heilskapleg politisk, faglig og finansielt ansvar for å utføre de oppgåvene de har ansvar for, jf det finansielle ansvarsprinsippet. Ved fastsetting av økonomiske ramme for dei nye regionane må prinsippet være at "pengane følgjar oppgåva". Dette er i tråd med det prinsippet som ble følgt da spesialisthelsetenesta vart overført frå fylkeskommunen til staten.

Val av styrings- og finansieringsmodell må gjenspeile at regionane skal være eit sterkt og sjølvstendig forvaltningsnivå, med klart definerte oppgåver, ansvar, mynde og finansiering. Sterke og myndige regionar skal gi regional meirverdi til den nasjonale politikken, ved å ivareta nasjonale interesser i politikktutforming og gjennomføring. Slike sterke regionar vil gi det beste grunnlaget for eit omfattande og forpliktande samarbeid med stat, kommunar, næringsliv mv om regionale utviklingsspørsmål. Ei hovudutfordring vil vere å utforme styringssystemet slik at ein sikrar regional fridom og handlingsrom innanfor ramma av ein overordna nasjonal styring.

I fleirtalet sitt forslag heter det at forholdet mellom statlege sentrale myndigheter og regionane bør bygge på:

- *"Helhetlige og fokuserte regionale plandokumenter bør inngå som viktige premisser i den statlige planleggingen*
- *Styringssignaler fra statlig nivå, som sikrer at nasjonale hensyn ivaretas*
- *Dialog og forhandlinger mellom statlig og regionalt nivå*
- *Forpliktende avtaler mellom statlig og regionalt nivå "*

Ein slik partnerskapsbasert forhandlingsmodell vil kunne være ein nyttig supplerande styringsmodell, men den må ikkje gjerast til hovudmodell for styringsrelasjonen mellom staten og regionen. Forpliktande avtaler mellom nasjonal stat og regionalt folkevalt nivå kan være eit egna virkemiddel til dømes i samband med oppfølging av enkelte strategiske satsingar i fylkesplan/regionplan og knytta til spesielle områder/oppgåver for å forplikte begge nivå i forhold til oppfølging, også med ein lengre tidshorisont enn budsjettåret. Den etablerte konsultasjonsordninga mellom staten og kommuncsektoren bør kunne vidareutviklast til å dekke enkelte sider av denne styringsdialogen.

Forpliktande avtaler mellom partane på regionalt nivå vil særlig være aktuelt på områder der det regionale folkevalte nivå har bestillar- eller samordningsansvaret.

4. Oppgåver og ansvar til sterke folkevalte organ

DK sitt fleirtal anbefalar at det folkevalte regionale nivået i særlig grad overtar mynde frå staten på områder som er av stor verdi for regional utvikling, dvs. infrastruktur, samferdsel, utdanning, forskning, næringsutvikling, kultur, kommuneoverskridande areal- og ressursforvaltning og helse, samt oppgåver innafor miljø, ressursforvaltning, fiskeri, landbruk

og a-etat. Vidare peiker kommisjonen på at regionen vil kunne ha ulik type ansvar for den enkelte oppgåve, og skil mellom totalansvar, bestillaransvar eller samordningsansvar.

Møre og Romsdal fylke støttar fleirtalet si anbefaling av kva for oppgåver det er særleg viktig at regionane får ansvaret for. Dette ansvaret kan være av ulik karakter. Hovudstrategien må vere å desentralisere makt til underliggende forvaltingsnivå, jf. "nærhetsprinsippet".

Spesielt er det viktig at ein på regionalt nivå har dei oppgåver som gjer ein i stand til å føre ein territoriell heilskapleg samferdsels-, kultur- og næringspolitikk.

5. Kommunalt nivå

Innanfor ramma av fleirtalet sitt forslag til trenivåmodell med større folkevalte regionar, anbefales følgjande når det gjelder overføring av oppgåver til kommunen:

"I tillegg til overføring av oppgaver til regionalt nivå bør det overføres ytterligere oppgaver og ansvar til det kommunale nivået. Dette for å gi kommunene større mulighet til å ta ansvar for egne ressurser og egen utvikling. Spesielt vil det være aktuelt å styrke kommunenes ansvar for arealforvaltning, næringsutvikling og stedsutvikling."

I regionalt utviklingsarbeid er det viktig med eit godt samspel mellom kommunane og regionen. Kommunane må ha innverknad på utvikling av politiske strategiar og virkemiddelbruk på regionalt nivå. Det er viktig for å få til gode, regionalt tilpassa samhandlingsprosessar mellom kommune- og regionnivå.

Møre og Romsdal fylke støttar DK sine konkrete forslag om desentralisering til kommunenivå, etter prinsippet om at dei oppgåvene som kan leggst til dagens – eller framtidens - kommunale nivå, bør leggst til kommunane. Ein må vurdere om det er andre oppgåver som det er aktuelt å overføre til kommunane frå fylkeskommunane eller regional stat.

For å betre kommunanes evne som aktiv samfunnsplanlegger og –utviklar, må kommunanes økonomi/handlingsrom styrkes.

6. Strukturspørsmål på kommunalt og regionalt nivå

*Ein samla kommisjon slår i kap 5.6.2 fast at det er samanheng mellom kva for oppgåver som bør ligge på det regionale nivået og storleiken på regionane, samt storleiken på primærkommunane og kva for oppgåver som er lagt til disse. I fleirtalet sitt forslag heter det at "Dagens fylkeskommunar bør erstattast med sterke folkevalte regionar, som avgrensast ut frå oppgåver og funksjonalitet." Fleirtalet seier **ikkje** noko om kor store eller kor mange regionar landet bør ha.*

Mange utviklingsoppgåver blir best løyst, samordna og koordinert på eit regionalt nivå. Slik opplever ein i dag at organiseringa av vidaregåande skole, næringsutvikling, kultur og samferdsel som nærast optimal innanfor dagens fylkesgrense og fylkesorganisasjon. Spesielt innan næringsutvikling, kultur og samferdsel bør det skje ei ytterligere desentralisering av makt og mynde til regionen.

Geografien og topografien i Møre og Romsdal yter motstand mot ein større region. Slik tar det til dømes 6 timar frå nord til syd i fylket. Ei samanslåing av dei to Agderfylka vil ha ganske likt folketal og areal som dagens Møre og Romsdal. Men ikkje minst dannar fylket ein naturleg einskap gjennom lang felles historie og identitet. Fylket har fleire småbyar og stor avstand til storbyar. I tillegg er fylket særprega av klåre næringsklynger. Gjennom dette er det blitt utvikla eit godt samarbeid på fleire viktige politikkområde.

Møre og Romsdal fylke vil framheve verdien av lokal identitet som grunnlag for at regionalt demokrati og permanente partnerskap skal fungere. Mykje viktigare enn danninga av størst moglege regionar er å sjå på korleis ein region fungerer; på identitet, demokrati, på den romlege samhandlinga, på oppgåvefordelinga og organisering i ein region.

Møre og Romsdal fylke byggjer samarbeid og partnerskap i mange retningar. Slik har det alltid vore og slik vil det alltid bli. Slik kan det på ein skilde område vere teneleg med samarbeid med eit eller fleire fylke. Møre og Romsdal er i ferd med å utvikle eit samarbeid med dei to trøndelagsfylka om m.a helse og veg og samarbeid med dei tre fylka syddover langs kysten i Vestlandsrådet. Eit slikt samarbeid har klåre avgrensingar då det skaper større avstand til befolkinga, noko som er svært alvorleg sett i lys av konklusjonane frå den tidlegare omtalte Maktutredninga. Større regionar vil kunne omfatte fleire konkurrerande busettings- og næringsmessige tyngdepunkt, noko som vil gjere det vanskeleg å få oppslutning om ein samla utviklingspolitikk for regionen.

7. Regional utvikling og fordeling innanfor regionane

Slik DK definerer regionalpolitikken retter den seg mot større samanhengande område som omfattar både byer, deira omland og meir typiske distrikt og dekkjer alle deler av landet. Regionalpolitikken skal medverke til både regional utvikling og regional fordeling.

DK sitt fleirtal peker på at det innanfor de nye regionane bør leggjast opp til ein hensiktsmessig spreiding av regionale funksjoner, kompetansemiljø og myndigheiter, slik at etableringa av dei nye regionane ikkje fører til ein forsterka sentralisering på regionalt nivå.

Møre og Romsdal ligg på avstand til dei to storbyane Bergen og Trondheim og kan ikkje sjå at desse byane har stor innverknad i fylket. Strategiar knytt til utvikling av ordinære storbyregionar og også "urbanisert landsbygd" synest uaktuelle i fylket.

Fylket har ein meir polysentrisk struktur med dei tre bykommunane byane Ålesund, Molde og Kristiansund. Her vil samarbeid og samhandling vere viktig for auka attraktivitet gjennom større regional integrasjon. Dette er utfordringar som står ved lag same kor stort område mellomnivået måtte femne. Geografi/avstandar og tilgjenge er faktorar som må vektleggast ved regional integrasjon.

8. Statlig eller regionalt ansvar for distriktspolitikken

Det er eit viktig prinsipielt spørsmål om ansvaret for aktiv distriktspolitikk bør ligge til staten eller i regionane. I kap 6.3.8 heter det:

"I distriktspolitikken bør det derfor være en arbeidsdeling mellom nivåene, der kommunalt og eventuelt regionalt nivå pålegges et større ansvar enn i dag,

men der staten fortsatt ivaretar sentrale oppgaver. Blant annet bør det etter kommisjonens mening fortsatt være staten som definerer det distriktspolitiske virkeområdet, og fastlegger nasjonale distriktspolitiske mål i sektorpolitikken. Videre bør det som nå tilligge staten å differensiere generelle virkemidler som kommuneoverføringer og transporttilskudd, fastsette støtteintensiteten for bedriftsrettede virkemidler osv.

Styrkes det regionale nivået vil det, som beskrevet i punkt 5.9.1, være behov for å utvikle nye spilleregler mellom stat og region, basert på dialog, forhandlinger og bindende avtaler. Dette vil blant annet være nødvendig for å sikre at politikken tar utgangspunkt i lokale og regionale behov, samtidig som nasjonale distriktspolitiske mål fortsatt skal være retningsgivende.”

Dette må ein forstå slik at kommisjonen ønskjer at det regionalpolitiske nivå's rolle i distriktspolitikken skal styrkes, men likevel slik at nasjonal stat skal ha eit større ansvar for distriktspolitikken enn øvrige delar av regionalpolitikken.

Ein sterk region må ha et heilskapleg regionalpolitisk ansvar, inkl. ansvaret for distriktspolitiske spørsmål. Det lokale og regionale ansvaret i distriktspolitikken må auke. Det må være samsvar mellom måla i distriktspolitikken og de virkemidlane som settes inn.

Konkrete politikkområde

I tillegg til forslag om endra styringsstruktur foreslår DK endringar på konkrete politikkområde som kan gjørast raskt. Møre og Romsdal fylkesting støttar fleirtalet sine forslag innan områda: naturressursar som regionale fortrinn, landbruk, fiskeri, havbruk, reiseliv, elektrisk energi, industri, petroleum, tenesteytande/”nye” næringar, lokalisering av offentlig verksemd, sterke og dynamiske regionar og miljø, innovasjonssystem-samspel, entreprenørskap, utdanning, forskning, kapital, kommunal økonomi og velferd, samferdsel og annan infrastruktur (sjå omtale av dei enkelte områda i kap 7.4.3-7.4.6 i vedlegg til saka).

Innan fiskeri støttar Møre og Romsdal fylkesting mindretallet sitt forslag om at:

- *”det fortsatt bør legges til grunn at Norge skal føre en nasjonal fiskeripolitikk, uten regionalisering når det gjelder kvoter med videre. Fiskerimyndighetene bør imidlertid kunne vise en viss fleksibilitet i forhold til spesielle problemstillinger som måtte reise seg i ulike deler av landet.*
- *Det bør også åpnes for at fiskeindustribedrifter skal kunne eie fiskefartøy med kvoter, inngå langsiktige avtaler med fiskere samt etablere en fleksibel bruk av kvoter mellom fartøytyper*
- *Det foretas en revisjon av sentrale lover i fiskerinæringen som Råfiskeoven og Deltakerloven, for bedre å utløse verdiskapingspotensialet i næringen og stimulere til et bedre samarbeid mellom flere ledd i næringen”*

Innan havbrukssektoren støttar Møre og Romsdal fylkesting mindretallet sitt forslag om at:

- *”Dagens konsesjonsordninger for havbruk legger begrensninger på næringen. Konsesjonsvilkårene bør derfor liberaliseres slik at ordninga erstattes av en godkjenningsordning i forhold til miljø, veterinærmessige og arealmessige forhold. En slik vesentlig omlegging må tilpasses utviklinga i forhold til Norges avtaleverk i EU, slik at en endring ikke vil påføre næringen nye straffetiltak. Det må vurderes hvorvidt kommunene bør ha endelig godkjenningsmyndighet”*

Møre og Romsdal fylkesting støttar fleirtalet sine tilrådingar om geografisk differensiering av virkemidlar omtala i kapittel 7.4.7 (smal distriktspolitikk, differensiert arbeidsgivaravgift, tiltak retta mot særleg utsette område og småsamfunn og samiske område).

9. Regional stat si rolle

Møre og Romsdal fylke har no snart eit års erfaring med einskapsfylke-modellen. Dette inneber at ein samla regional administrasjon i varetek dei oppgåvene som ordinært er lagt til fylkesmannen og fylkeskommunen. Fylkesdirektør har ansvar for den samla administrasjonen og får sine instruksjonar både frå staten ved departementa og fylkestinget. Fylkesmannen har ansvar for klage- og tilsyn som er lagt til den statlege forvaltninga, med støtte til å løyse oppgåvene av tilsette i einskapsfylkeadministrasjonen.

Forsøket med einskapsfylke viser etter vårt syn at det ikkje er vanskeleg å skilje mellom oppgåver lagt til politiske organ og statlege oppgåver som ikkje skal underleggjast politisk behandling. Vi meiner derfor at med eit framtidig regionalt organ organisert etter einskapsfylke-modellen, kan også mynde for klage og tilsyn leggjast til det regionale organet. Slike oppgåver vil måtte ligge til den statlege styringslinja. Unntak vil vere oppgåver der det er statleg klage- og tilsynsoppgåver i forhold til det regionale organets eigen aktivitet. I dag gjeld dette for vidaregåande opplæring, og har relativt lite omfang i forhold til det totale klage og tilsynsarbeidet.

I løpet av dei siste åra har statlege organ organisert seg med ulike regiongrenser, tilsynelatande utan noko form for samordning (geografisk, tverrsektorielt eller tidsmessig). I dag er det for mange organ som tek avgjerder med vesentlege konsekvensar for ein region, utan at dette er samordna. Eit uoversiktleg lappeteppje av statlege organ, gjer det vanskeleg for den enkelte innbyggjar, andre offentlege organ og frivillige organisasjonar å samhandle med regional stat. Vår erfaring med ein samla administrasjon i einskapsfylket er at kompetanse og ressursar kan sjåast i samanheng og gje ein meirverdi for regionen. Vi meiner at lik geografisk inndeling av regionale organ vil stryke samordning. Skal vi byggje framtidige regionar må den regionale statlege organiseringa tilpassast den regionale organiseringa.

Tilråding:

1. Fylkestinget viser til saksframlegget som Møre og Romsdal fylke sin uttale til NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og lokalsamfunn.
2. Møre og Romsdal fylke legg til grunn ein hovudstrategi med omfattande desentralisering av makt, slik at avgjerder vert fatta på lavast mogleg effektive forvaltingsnivå. Det må vere samsvar mellom måla i distriktpolitikken og de virkemidlane som settes inn.
3. Møre og Romsdal fylke er svært uroa over resultatane frå maktutgreiinga om at folkestyret er i tilbakegang. Maktutgreiinga syner at ei sterkare statleggjering og regelstyring i ein fragmentert stat er ein trussel for demokratiet.
4. Møre og Romsdal fylke vil framheve verdien av lokal identitet som grunnlag for at regionalt demokrati og permanente partnerskap skal fungere.

5. Møre og Romsdal fylke legg til grunn ein framtidig styringsstruktur med eit regionalt folkevalt nivå.

6. Møre og Romsdal fylke ser ei hovudutfordring i ein betre samordning av den statlege politikken. Den regionale statlege organiseringa må tilpassast den regionale organiseringa.

7. Ei samling av dei regionalpolitiske og statlege oppgåvene i eit organ må leggjast til grunn for ein framtidig regionmodell.

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesdirektør

Vedlegg:

- Høyringsbrev frå Kommunal- og regionaldepartementet, datert 14. oktober 2004
- Kapittel 7 "Konklusjoner og anbefalingar", NOU 2004:19